




Fartyeigar Per Østensen syner fram modellen av ein Oselvar i 1/3 storleik.

**Mange fekk eit vakkert syn i dag på Sandakaien. Motorskøyta NJØTHOLM frå Ålfjorden var inne på sitt faste sommarbesøk i Uskedalen. Ein oselevarmodell i 1/3 storleik stod på dekk i ei vogge. Modellen er bygd av Egil Mæland på Tysnes og er ein nøyaktig kopi av ein original færing av typen Oselvar. Eigar av NJØTHOLM er Aud (f. Hindøy) og Per B. Østensen.**

NJØTHOLM heimehøyrande i Austrheim var ei fiskeskøyte fram til fartyet vart ombygd til fritidsbruk på 1980 talet. Ombygginga tok til i 1979 og pågjekk fram til 1990. Per Østensen har lagt ned eit stort arbeid med restaurering og fornying av skuta. Lasterommet er ombygd til salong med fri høgde, ventilar og skyligh. Styrehuset er bygd i aluminium og utvida. Alle spant og dekk er skifta. Det same er gjort med skutesida. Riggen med ny master vart sist skifta i vinter



Aud og Per Østensen held til på Erve i Ålfjorden her dei har hus, kai, verkstad og lager for verksemda si. NJØTHOLM er på 50 fot, bygd i Rosendal i 1950. Aud og Per Østensen kjøpte fartyet av Johan Njøten i 1998. Fartyet har namnet frå Njøten, ei øy i Austrheim kommune. I dag står det ein 4 sylindra, 180 HK dansk Callisen i skøyta.

Per kjem frå Hiskjo på Bømlø, driv rørleggjarfirma og held til med verkstad og lager på Erve i Ålfjorden. Aud kjem frå Musland øvst i Uskedalen. Aud og Per gifta seg i 1970. Kwart år legg dei turen til Uskedalen for å møte slekta til Aud i Kvinnherad.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



NJØTHOLM er i dag eit lystfarty i strøken stand, med ny master og rigg.